

Retningslinjer for tildeling av kulturminnemidler i Fjaler kommune

§ 1 Formål

Tilskot frå kulturminnemidler skal støtte lokalt kulturminnearbeid.

§ 2 Målgruppe

Alle som driv med kulturminnearbeid i Fjaler kommune kan søkje støtte frå ordninga:

- private eigarar og forvaltarar av kulturminne i kommunen. Eigarar og forvaltarar kan vere privatpersonar, stiftingar, frivillige organisasjonar og liknande.
- Privatpersonar, kommunale organisasjonar, frivillige lag og organisasjonar og andre lokale organ som driv med formidling av kulturminne.

§ 3 Økonomiske rammer

Den økonomiske ramma for ordninga vert handsama årleg i ordinær budsjetthandsaming.

§ 4 Ein kan søke støtte til:

- Formidlingsprosjekt (kurs, opplæring, informasjon, og liknande).
- Tiltak som restaurering, vedlikehald, bevaring og utvikling av kulturminne

§ 5 Kriteria for tildeling:

- Kulturminne og tiltak som er del av gjeldande Kulturminneplanen for Fjaler kommune vert prioritert som i kulturminneplanen. Prioriterte område i gjeldande kulturminneplan er *fornminne, særprega bygningsmiljø, industrihistoria og samferdsle og kommunikasjonar(sjå bakside)*
- Det vert vurdert som positivt dersom kulturminnet er tilgjengeleg eller synleg for allmenta
- Søknader til prosjekt/tiltak som òg planlegg å søke støtte frå Vestland Fylkeskommune si tilskotsordning til verna kulturminne i Vestland, vert prioritert.

§ 6 Kunngjering, søknadsfrist og handsaming av søknader

Søknadsfrist er 1. oktober. Seinast 1 måned før fristen vert ordninga vert kunngjort i lokalavisa og på Fjaler kommune si nettside og facebookside. Søknader om støtte vert gjort med delegert mynde av kommunedirektøren. Søknadene vert vurdert ut frå vedtekne retningslinjer.

§ 7 Krav til søknaden

Søknaden skal sendast skriftleg, og må innehalde ei kort skildring av tiltaket med finansierings- og framdriftsplan.

§ 8 Vilkår for tilskot og utbetaling

- Tilskotet gjeld ut tildelingsåret og det påfølgjande året.
- Utbetaling skjer i hovudsak etter at tiltaket er gjennomført og rapportert. Ved særlege høve kan utbetaling av tilskot delast i to utbetalingar.
- Rapporten skal sendast kommunen innan **1. oktober** året etter tilskotet er gjeve.
- Rapporten skal innehalde:
 - Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltak
 - Oversikt over kostnader og finansiering av tiltaket
- Dersom tiltaka ikkje vert gjennomført eller det ligg føre vesentlege avvik, vert tilskotet inndrege.

§ 9 klage

Det kan klagast på vedtak som er gjort i tråd med føresegnene i forvaltningsloven kap. VI innan ein frist på tre veker frå den dagen søkjar har motteke melding om vedtak. Ei klage sendast Fjaler kommune, og må innehalde opplysningar om kva vedtak det gjeld, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Klagesaker vert behandla av formannskapet.

3.4 Prioritering av kulturminne

I planprogrammet for denne planen er det som før nemnt lagt opp til fire prioriterte satsingsområde i Fjaler: 1) fornminne, 2) særprega bygningsmiljø, 3) industrihistorie og 4) samferdsle og kommunikasjonar. Her følgjer eit oversyn over spesielt verdfulle kulturminne innanfor kvar kategori. Fjaler kommune vil prioritere arbeid med kulturminna ut i frå kor dei står på verdiskalaen.

3.4.1 Fornminne

Kulturminne	Skildring	Verdi
Myrkyrkjegard i Guddal	Eineståande som gravstad i Norden	Svært høg
Korssundkrossen	Landets lengste steinkross	Svært høg
Kulturmiljø med gravminne på Einingsneset	Lett tilgjengeleg fornminne med høg formidlingsverdi	Høg

3.4.2 Særprega bygningsmiljø

Kulturminne	Skildring	Verdi
Tysselandet	Samanhengande, særprega bygningsmiljø med naust i Eikarolfjora, herskapsbus frå 1800-talet (Lillingstonheimen, Leitet og Fagervik), sjøbua Jensbua og den gamle butikken på Leitet. Dessutan gravstaden Fredensborg	Svært høg (omfatta av omsynssone)
Klokkargarden (gbnr. 64/45)	Eit bygningsmiljø som vert nytta til presentasjon av Jakob Sande sitt liv og diktekunsten hans. Særleg formidlingsverdien er svært høg	Svært høg (omfatta av omsynssone)*
Sentrumsmiljø Dale (gjeld nummererte bygningar på kart s. 20)	Dale sentrum har eit mangfaldig, samansett miljø av eldre villaer i sveitsarstil, fabrikkbygg og offentlege bygningar med ulike funksjonar frå ulike periodar	Høg (delvis omfatta av omsynssone)*
Bygg registrerte i SEFRAK eldre enn 1850	Bygga er generelt verdivurderte ut i frå alder, men må vurderast i kvart tilfelle ved søknader om tilskot	Høg
Bygg registrerte i SEFRAK yngre enn 1850	Bygga er generelt verdivurderte ut i frå alder, men må vurderast i kvart tilfelle ved søknader om tilskot	Middels

3.4.3 Industrihistorie

Kulturminne	Skildring	Verdi
Industriemiljø i Dale med tidlegare skofabrikk og tønnefabrikk	Dale har lange tradisjonar som industristad med sko- og tønneproduksjon. Både bygningane og det immaterielle i denne historia gjev bygda identitet	Høg (delvis omfatta av omsynssone)*
Åsnes skifabrikk (samling og immaterielle kulturminne)	Åsnes var lenge ein av dei store arbeidsplassane i Fjaler, med produkt i særklasse, også nasjonalt	Høg

3.4.4 Samferdsle og kommunikasjonar

Kulturminne	Skildring	Verdi
Den trondhjemske postvegen Dale-Hyllestad grense	Postvegen batt landsdelane saman, og er ein av dei eldste offentlege vegane i Noreg	Svært høg (omfatta av omsynssone)
Gallefoss bru	Særeiga bogebru i eitt spenn frå 1912	Høg
Sjøbu i Korssundet	Handelsstad med fleire hundreårig tradisjon midt i den indre skipsleia	Høg

Nilsbua på Hellevika med kaiområde (gbnr. 24/1)	Eit historisk kai- og sjøbumiljø utan nemnande moderne inngrep. Treng framleis omfattande restaurering	Høg
---	--	-----

*) Bygningane i Dale sentrum som er omfatta av omsynssone som gjeld bevaring av kulturminne er følgjande: Prestegarden på Bjerga, Borgen/Lassedammen (gammal strandsitjartomt), Dale kyrkje, Tusenårsstaden (folkebadet, gamleskolen, kommunehuset og Jakob Sande-tunet/klokkargarden), Dalstunet (Dalsbua, Dalehuset og Allmuen), husa i gamlevegen frå fylkesvegen nord til kyrkja, skofabrikken, Tross (tingstova/kafé Stjernen og Geijerstamhuset), lemsstove på nedre Yksnebjør postvegkaia (Trossebyrggja) og Yksnebjør (gardstun/kulturlandskap).